



KANDIDAT

**505**

PRØVE

**JUS1001 1 Juridisk metode/rettskildelære**

---

Emnekode	JUS1001
Vurderingsform	Skriftlig eksamen
Starttid	16.03.2020 08:00
Sluttid	16.03.2020 15:00
Sensurfrist	06.04.2020 21:59
PDF opprettet	05.11.2020 08:32

---

**Seksjon 1**

Oppgave	Tittel	Oppgavetype
<b>i</b>	Info	Dokument
1	Domsanalyse	Langsvar
2	Teori	Langsvar

**1 Domsanalyse**

Analyser Høyesteretts rettskildebruk i HR-2016-2228-A.

[HR-2016-2228-A er tilgjengelig ved å klikke på denne lenken \(PDF-fil\).](#)

(Vedlegget kan åpnes og lastes ned).

*Ved sensur vektlegges domsanalysedelen 60%.*

**Skriv ditt svar her...**

Denne oppgåva vil gi ein analyse av Høgsteretts rettskjeldebruk i dommen HR-2016-2228-A. Dommen vil bli analysert i henhold til den juridiske metode, der rettskjeldebruken vil bli knytt opp mot rettskjeldeprinsippa. Dommen handlar om ein mann som var tiltalt for å køyrt ein Segway under alkoholpåverknad. Hovudspørsmålet i dommen var om det førelåg grunnlag for å tolke uttrykket "motorvogn" i vegtrafikklova §22 innskrenkande. Det rettslege området dommen fell under er strafferett. Dommen har ingen dissens, noko som styrkar dens prejudikatsverdi. Samtidig er den avsagt i avdeling med fem dommarar, som ikkje gir dommen ein like sterk prejudikatsverdi som ein plenumsdom ville. I denne oppgåva vil Høgsteretts bruk av rettskjelder analyserast kvar for seg, før det vil føretakast ein avsluttande samanfating av rettskjeldebruken.

Rettsanvendingsprosessen er ein tredelt prosess. (Boe, Innføring i juss, s.180 ) Ein finn først relevante rettskjeldefaktorar til støtte for sin argumentasjon. Deretter føretekk rettsanvendaren ein slutning frå den relevante rettskjeldefaktoren. Slutningsprinsippet handlar om korleis den enkelte rettskjeldefaktoren skal forståast og finne det rette innhaldet i rettskjeldefaktoren. Til slutt tilleggast rettskjeldefaktoren vekt.

Vektprinsippet seier kor mykje kvar faktor skal telje. Denne prosessen avgjer kva regelen skal bli og kva slutning ein sitt igjen med. Det er med utgangspunkt i denne prosessen Høgsteretts rettskjeldebruk vil analyserast.

## **Lovtekst**

Det første førstvoterande tar føre seg er lovteksten i vegtrafikklova §22, jf. avsnitt 10 til 12. Denne bestemminga er det rettslege grunnlaget for tiltalen og står difor i ein særstilling. I samband med dette føretek han ein presiserande tolking av lovteksten ved hjelp av legaldefinisjonane av "kjøretøy" og "motorvogn" som følgjer av vegtrafikklova §2 (2). Etter denne klargjeringa slår førstvoterande fast at det er "klart" at ein Segway omfattast av ordlyden i motorvogndefinisjonen. Det vert med dette satt eit premiss for hovudspørsmålet i saka, nemleg at ein Segway som utgangspunkt rammast av bestemminga.

Lovteksten er den viktigaste rettskjeldefaktoren og er difor utgangspunktet for ein kvar drøfting. Ut i frå lovteksten i vegtrafikklova §22, ved hjelp av avklaring frå legaldefinisjonar i §2, vert det slått fast korleis bestemminga skal forståast.

Den norske hovudregelen er at lovteksten skal tolkast i henhold til alminneleg eller naturleg språkleg forståing. Førstvoterande føretek ikkje nokon særleg ordlydstolking, anna enn å vise til legaldefinisjonar. Strafferetten er eit område der spesielle heimelskrav gjer seg gjeldande. Det strafferettslege legalitetsprinsippet krev at ein har heimel i lov og lovteksten står difor sentralt. Likevel nyttar førstvoterande seg av legaldefinisjonar frå same lova. Slike definisjonar kan tale for at lovgivar har meint at ein ikkje skal føreta ein ordlydstolking på same måte som i andre lover.

## **Forarbeid**

Forarbeid inneheld bakgrunnen for lova, korleis lova skal forståast og

ulike avvegingar lovgivar står ovanfor. (Boe, Innføring i juss, s. 180) For å ivareta den demokratiske legitimiteten vert lovforarbeid sett på som legitime rettskjelder og har relevans i ein kvar lovtolking der forarbeida gir eit aktuelt bidrag. Vektinga av forarbeid har sitt grunnlag i lovgivarvilja og den demokratiske forankringa som Stortinget representerar. Forarbeid med relevante bidrag har difor på generelt grunnlag høg rettskjeldemessig vekt.

I avsnitt 14 til 15 viser førstvoterande til at då lova vart gitt, var lovgivar innforstått med at definisjonen av motorvogn var vidtrekkjande og at det etter omstendene kunne bli aktuelt med ein innskrenkande tolking. Vidare viser han til at lovgivar primært hadde tilfelle der den innskrenkande tolkinga nærast var sjølvforklarande i tankane.

Utifrå det departementet skriv i Ot.prp.nr.23 (1964-1965) side 38, sluttar førstvoterande at det som seiast om leikesakar, ikkje har noko eintydig meiningsinnhald, men at det må gjerast unntak frå leikesakar utan trafikkmessig betydning, trekk i retning av at lovgivar har tenkt seg ein heller begrensa adgang til innskrenkande fortolking.

Førstvoterande tolkar utsegnet i favør det ein kan utleie av lovteksten, nemleg ein begrensa adgang til å tolke innskrenkande.

I avsnitt 22 viser førstvoterande til at det ved avgjeringa om det etter omstendene er grunn til å føreta ein innskrenkande fortolking av motorvognbegrepet i vegtrafikklova §22 må utgangspunktet vere at lovgivar bevisst har vald ein vid definisjon av motorvogn. Forarbeida vert med dette tillagt mykje vekt av førstvoterande, i tråd med rettskjeldeprinsippa.

## **Juridisk teori**

Av juridisk teori viser førstevoterande kort til ein uttalelse frå dr. juris Magnus Matningsdal i avsnitt 16 og 17. Bruken av juridisk teori i dommen

er begrensa til å fungere som eit støtteargument til forståinga av forarbeida og utgjer difor ingen vesentleg del av dommen.

Omsynet for å anse juridisk teori som relevant rettskjelde er grundige og breie framstillingar som er utarbeida av personar med god kjennskap til rettsområdet. Juridisk teori bidrar som oftast som eit støtteargument utan sjølvstendig relevans. Vekten avhenger av kvaliteten på arbeidet, forfattaren og kva type litteratur det dreier seg om.

I denne dommen har juridisk teori ein beskjeden rolle som støtteargument, men den kan likevel tilleggjast vekt ved tolkinga av forarbeida. Teoriutdraget er frå ein avhandling av kanskje Noregs fremste ekspert på strafferett. Sjølv om teorien i seg sjølv har usjølvstendig relevans, bidreg den til å klargjere kva ein kan slutte frå forarbeida, og bør på bakgrunn av forfattaren og den svært relevante avhandlinga kunne tilleggjast vekt.

## **Rettspraksis**

Vidare tar førstvoterande for seg to dommer som han meiner har særleg interesse i samanhengen. Han viser til Rt. 1954 s. 904 og Rt. 1955 s. 1243. Dommane er noko ulike det føreliggande tilfellet, men omhandlar begge føring av "motorvogn" i påverka tilstand. I den førstnemnde dommen vart ein 3-hjuls elektrisk driven varesykkel sett på som ein motorvogn i lovas forstand. I den andre dommen vart ein defekt moped ikkje sett på som motorvogn.

Rettspraksis bør vektleggjast for at sakar skal behandlast likt og for forutberekelegheita. Saksforholdet i begge dommane kan til ein viss grad samanliknast med forholdet i HR-2016-2228, noko som gir dei ein viss relevans.

Førstvoterande uttalar i avsnitt 21 at dommane ikkje kan takast til inntekt for at det er rom for ein vidtrekkjande innskrenkande fortolking av

## vegtrafikklova §22.

Førstvoterande uttalar ikkje noko særleg som gir ein peikepinn på kor mykje han vektlegg dommane. Det er likevel tale om relativt gamle dommar på nesten 60 år, på eit område der det har føregått ein omfattande utvikling av teknologi. Dess eldre dommane er, dess mindre vekt vil dei få. Samtidig er det ein forskjell på motordrevne sykklar og ein segway. Dette talar for at ein ikkje kan tillegge rettspraksisen like mykje vekt.

### **Legalitetsprinsippet**

I avsnitt 29 til 31 tar førstvoterande opp forsvararens anførsel om at det materielle lovskrav som følgjer av Grunnlova §96 og EMK art. 7 ikkje er oppfylt. Dette avviser førstvoterande relativt raskt etter å ha gjort greie for kva det materielle lovskravet går ut på.

At førstvoterande drøftar dette avfeiar eventuell usikkerheit som kunne oppstått som følgje av EMK art. 7 og klarheitskravet i denne bestemminga.

### **Reelle omsyn**

I avsnitt 28 nyttar førstvoterande seg av reelle omsyn som rettskjelde. Reelle omsyn nyttast ofte som sjølvstendige argument og gir uttrykk for rettsanvendarens skjønn. Omsyn har begrensa relevans, men tilleggjast likevel ofte vekt ved tolking. Førstvoterande sluttar frå omsyna at desse ikkje kan begrunne ein innskrenkande tolking av vegtrafikklova §22. Det vert ikkje uttalt av førstvoterande kor mykje vekt han tillegger dei reelle omsyna, men dei fungerer som eit moment i vurderinga av om vegtrafikklova §22 kan tolkast innskrenkande.

### **Forskrift og regelendring**

I avsnitt 23 nyttar førstvoterande ein forskrift om køyretøy. Forskrifter sidestillast i utgangspunkt med lovtekst og denne aktuelle forskrifta

nyttast i tolkinga av det primære rettsgrunnlaget.

Vidare i avsnitt 24 går førstvoterande inn på endringane i trafikkreglane som tredde i kraft 1. juli 2014. Der vart bruk av sjølvbalanserende køyretøy nærare regulert. Førstvoterande avviser at sjølv om det følgjer av regelendringane at slike køyretøy har begrensa skadeevne, kan ikkje dette vere avgjerande ved tolkinga. Han prøver med dette å svekkje eit motargument for den tolkinga som er naturleg ut frå ordlyden.

## Avslutning

Høgsteretts bruk av rettskjelder er omfattande og førstvoterande nyttar seg av fleire ulike relevante rettskjeldefaktorar. Det kjem klart fram at lovteksten vert tillagt mest vekt, og valet av dei andre rettskjeldefaktorane gir eit inntrykk av at førstvoterande prøvde å finne mest mogleg som støtta lovteksten. Ein sitt igjen med eit inntrykk av at Høgsterett var klare på kva dei meinte om spørsmålet.

Høgsterett kom einstemmig fram til at det primære rettsgrunnlaget ikkje kunne tolkast innskrenkande, og den tiltalte kunne bli dømt for promillekøyning etter at vegtrafikklova §22 vart tolka på ordet.

### *Litteraturliste:*

Boe, Erik Magnus. (2013) *Innføring i juss* (3. utg.) Oslo: Universitetsforlaget.

## 2 Teori

Forklar hva som menes med innskrenkende, presiserende, utvidende og antitetisk tolkning. Gi begrunnede eksempler på både innskrenkende, presiserende, utvidende og antitetiske tolkninger av forvaltningsloven §§ 1 og 10.

*Ved sensur vektlegges teoridelen 40%.*

**Skriv ditt svar her...**

I denne oppgåva vil det gjerast greie for kva som er meint med innskrenkande, presiserande, utvidande og antitetisk tolking. Dette er betegnelsar på ulike tolkingsresultat. (Boe, *Innføring i juss*, s.367).

Korleis ein tolkar ein lovbestemming er avgjerande for anvendingsområdet til den aktuelle lovbestemminga. Det er i all hovudsak dei andre rettskjeldefaktorane enn lovteksten, som gir rettsanvendaren grunnlag for å kunne tolke ein bestemming på ein bestemt måte. I den vidare framstillinga vil kvart tolkingresultat illustrerast ved døme på korleis ein kan tolke forvaltningslova §§1 og 10 ulikt, samt eit døme frå rettspraksis.

### **Innskrenkande tolking**

Innskrenkande tolking vil seie å skjære vekk ein del av området som lovteksten dekkjer. (Boe, inføring i juss, s. 377) Rettsregelen omfattar med andre ord mindre enn den naturlege språklege forståinga av lovteksten skulle tilseie. Tilfelle som fell innanfor ordlyden, fell utanfor rettsregelen. Tolkingresultatet er på tvers av ordlyden, og treng difor tunge rettskjeldemessige grunnar. Alle rettskjelder utanom lovteksten kan tilseie enn innskrenkande tolking. Ofte vil grunnomsyn som forutberekelegheit og rettferdigheit ivaretakast best ved at lovbestemminga omfavnar snevrare enn det ein alminneleg språkleg forståing skulle tilseie. På den andre sida kan ein hevde at ein innskrenkande tolking er udemokratisk, ved at den svekkjer Stortingets autoritet som lovgivar og opnar for større moglegheitar for at lova ikkje vert lik for alle.

Eit døme frå rettspraksis på innskrenkande tolking er dommen som er inntatt i Rt. 1922 s.41 (Kyrre Grepp). Saka handla om import av bøker fall under ein bestemming som gjorde ulike gjenstandar ulovleg å importere. Det sentrale i dommen var spørsmålet om bøker fall under "andre gjenstande og varer" i bestemminga. Reint språkleg fell bøker under betegnelsen "andre gjenstande". Høgsterett la likevel vekt på at føremålet var å ramme import- og eksportmateriale som Noreg var avhengig av under den pågåande blokaden, og ikkje bøker. Høgsterett tolka difor bestemminga innskrenkande til fordel for dei tiltalte importørane



Innledningsvis er det verdt å påpeike at det er lite hensiktsmessig å tolke bestemmingar i forvaltningslova innskrenkande. Lova er ein minsterettigheitslov og ein bør vere varsam med å tolke rettigheitsbestemmingar innskrenkande, då det kan stille rettssubjektet i ein dårlegare stilling enn det lovgivar har meint med ordlyden.

### Forvaltningslova §1

Forvaltningslova §1 handlar om forvaltningslovas verkeområde. Av bestemminga følgjer det at "som forvaltningsorgan regnes i denne lov et hvert organ for stat eller kommune". Ein alminneleg språkleg forståing av ordlyden kan tilseie at at alle statlege organ, herunder til dømes domstol og Storting, fell inn under ordlyden. Forvaltningslova §4 gir derimot klart uttrykk for det motsette, og ved ein innskrenkande tolking av §1 vil til dømes domstol og Storting felle utanfor.

### **Presiserande tolking**

Presiserande tolking er primærvælet ved tolking av ein rettsregel. (Boe, Innføring i juss, s 368) Presiserande tolking er ordlydslojal, som vil seie at resultatet av rettsanvendingsprosessen ligg innanfor lovas ordlyd etter ein alminneleg språkleg forståing. Ein nyttar ofte denne tilnærminga i tilfeller der ein lovbestemming inneheld fleirtydige uttrykk eller vage begrep. Presiserande tolking er det tolkingresultatet som gjer det lettast for ein ikkje-jurist til å forutsjå sin rettstilling og er mest i tråd med dette rettsikkerheiten til den alminnelege borgar. Det må mindre til for å grunngi presiserande tolking enn for å grunngi at lova skal tolkast på tvers av ordlyden.

Eit døme frå rettspraksis er dommen som er inntatt i Rt. 2006 s.179 (Støvlethæl-dommen). I denne saka krevde ein kunde omlevering i staden for retting på eit par støvletter som hadde problem med hælen. Høgsterett foretok ein presiserande tolking av kriteriet "urimelege kostnadar" og kom til at kunden ikkje hadde krav på omlevering. Sjølv om omleveringskostnaden på 450kr i seg sjølv ikkje er ein "urimeleg

kostnad" var kostnaden ved retting 7 gongar billigare.

### Forvaltningslova §10

Ordlyden av "statsråd i egenskap av regjeringsmedlem" i forvaltningslova §10 tilseier at bestemmelsen kan gjelde for regjeringsmedlem når dei handlar i egenskap av statsråd, og ellers som regjeringsmedlem. Ein presiserande tolking viser derimot til at bestemminga kun gjeld når dei handlar i egenskap av å vere i statsråd.

### **Utvidande tolking**

Utvidande tolking vil seie å gi ein rettsregel anvending på tilfelle som ikkje dekkjast av ordlyden. (Boe, Innføring i juss, s.384) Ein utvidar anvendingsområdet til å omfatte fleire tilfelle enn det ein naturleg språkleg forståing skulle tilseie. Tolkingsresultatet er på tvers av ordlyden, og ein treng difor tunge rettskjeldemessige grunnar for å kunne tolke ein rettsregel utvidande. Særleg forarbeid og rettspraksis er rettskjeldefaktorar som er tunge nok til å begrunne utvidande tolking. Ein finn ikkje støtte for ein utvidande tolking i ordlyden. Utvidande tolking begrunnast difor ofte med at forholdet liknar så mykje at det er naturleg at tilfella skal behandlast likt. Med andre ord kan ein seie at sjølv om eit tilfelle ikkje fell under ordlyden, er tilfelle så likt at det bør bedømmast likt med det som fell under ordlyden.

Eit døme frå rettspraksis på utvidande tolking er dommen som er inntatt i Rt. 1973 s.433 (Passbåt-dommen). Dommen handlar om ein mann som førte ein 17 fots passbåt i berusa tilstand. Det sentrale i dommen var at mannen var tiltalt etter ein bestemming som regulerte "fører av skip". Reint språkleg tilseier "skip" ein større båt enn ein 17 fots passbåt. Høgsterett kom til at passbåten var omfatta av betegnelsen "skip", og begrunna dette i høg grad av reelle omsyn. Dette er i utgangspunktet ikkje ein tungtvegande rettskjeldefaktor, men Høgsterett oppnådde gjennom dette lovas føremål, nemleg å sikre sjøfarta. Dommen er kritisert i ettertid, og har difor begrensa rettskjeldemessig vekt.

## Forvaltningslova §1

Av forvaltningslova § 1 følgjer det at lova gjeld for "et hvert organ for stat eller kommune". Etter ordlyden fell følgjeleg fylkeskommunen utanfor anvendingsområdet. Ein utvidande tolking, der ein ser hen til kommunelova som gjeld for både kommune og fylkeskommune, følgjer det likevel at forvaltningslova gjeld for fylkeskommunar.

## **Antitetisk tolking**

Antitetisk tolking handlar om omstende som fell utanfor lovteksten, der ein likevel les noko inn i lovteksten (Boe, Innføring i juss, s.371). Lovteksten dekkjer eit tilfelle, men ikkje det motsette tilfellet. Ved antitetisk tolking vil det motsette tilfellet bedømmast motsett av det tilfellet som fell under lovteksten. Sjølv om antitesen følgjer naturleg av lovteksten, kan ein likevel ikkje trekkje ein antitetisk tolking berre basert på dette. Også andre rettskjeldefaktorar må støtte motsetningsslutninga. Eit døme på dette er forvaltningslova §41. Ordlyden opnar for ein antitetisk tolking, men forarbeida og andre rettskilder avviser dette.

I dommen som er inntatt i Rt. 2004 s.1092 (Stonglandshalvøya) tolka Høgsterett den gamle reindriftslova §11 (2) gjennom motsetningsslutningar frå bestemmingas første og andre punktum.

## Forvaltningslova §1

Av forvaltningslova §1 følgjer det at "privat rettssubjekt regnes som forvaltningsorgan i saker hvor det treffer enkeltvedtak eller utferdiger forskrift". Ein antitetisk tolking av bestemminga tilseier at private rettssubjekt ikkje reknast som forvaltningsorgan i saker der det ikkje treffast enkeltvedtak eller utferdigar forskrift.

## *Litteraturliste:*

Boe, Erik Magnus. (2013) *Innføring i juss* (3. utg.) Oslo: Universitetsforlaget.

